



Arkivsaknr: 2025/6323-1
Sakshandsamar: Tove Mette Arnø Fyllingen
Avdeling: Politisk sekretariat

SAKSFRAMLEGG

Endring medlem valnemnda

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Valnemnd	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Pål Inge Fosse Hopland går inn som nestleiar i valnemnda, Nina Bognøy vert varamedlem.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i valnemnda

Saka skal avgjerast i kommunestyre

Saka gjeld

Valnemnda er samansett av eit medlem frå kvart av dei politiske parti som er representert i kommunestyret.

Det har vore, og er, gruppeleiarane som er medlemmar i valnemnda.

Politisk styringsstruktur og reglement for Alver kommune:

REGLEMENT FOR VALNEMNDA

Val og samansetjing

Valnemnda, vald av kommunestyret, skal ha eitt medlem frå kommunestyret med personleg varamedlem frå kvart av dei ulike partia som er representert i kommunestyret.

Kommunestyret vel leiar og nestleiar.

Arbeids- og ansvarsområde

*Innstille til kommunestyret når personar skal veljast til å representere Alver kommunestyre. Supplering av varalister ved endringar av utvalssamansetning.
Innstille til val av medlemmer til kommunaleigde selskap.*

Arbeidarpartiet ynskjer å gjera endring i medlem og varamedlem i valnemnda.

Nina Bognøy er nestleiar i valnemnda med Pål Inge Fosse Hopland som varamedlem.

Dei ynskjer å byte plass i nemnda.

Pål Inge Fosse Hopland vart gruppeleiar i AP fom 21.02.2025, Nina Bognøy vil tre inn som ordførar i perioden Sara Sekkingstad har permisjon.